

Åpning av det 137. Storting

President: Jo Benkow

Mottatt av den dertil oppnevnte deputasjon innfant Hans Majestet Kongen og Hans Kongelige Høyhet Kronprinsen seg fredag den 2. oktober kl. 13 i stortingssalen, ledsaget av Regjeringens medlemmer og en prosesjon av sivile og militære embetsmenn.

Hans Majestet Kongens tale til det 137. Storting ved dets åpning:

Herr President, Folkets representanter.

Jeg hilser Stortinget velkommen til ansvarsfull gjerning og ønsker at den må bli til gavn for fedrelandet.

I 1990-årene er vårt mål å utvikle et tryggere og mer rettferdig samfunn med arbeid til alle og økt livskvalitet for det enkelte menneske.

Regjeringen vil invitere partiene i Stortinget, organisasjonene i arbeidslivet og næringslivet i alle deler av landet til et felles løft for å skape flere arbeidsplasser. Sammen må vi få bukt med arbeidsløsheten og sikre at verdier skapes. Bare slik kan vi trygge grunnlaget for den enkeltes velferd. Utviklingen har vist at det er behov for et stadig tettere samarbeid med våre nordiske og europeiske naboland for å løse disse oppgavene. Avtalen om et Europeisk Økonomisk Samarbeidsområde er en forutsetning for å sikre norske bedrifter like gode arbeidsvilkår som bedrifter i andre europeiske land.

I en tid med sterke svingninger og stor usikkerhet i internasjonal økonomi vil tilliten til norsk økonomi være avgjørende for å holde renten nede og skape vekst og økt sysselsetting. Regjeringen vil derfor videreføre sitt arbeid for lav pris- og kostnadsvekst, solid utenriksøkonomi og et forsvarlig budsjett. Produksjonslivet skal styrkes gjennom en aktiv næringspolitikk, utbygging av kommunikasjonene og bedre utdanning. Rådene fra Sysselsettingsutvalget vil bli fulgt opp for å bekjempe arbeidsledigheten på kort og lang sikt. Det vil bli foretatt en grundig gjennomgang av de statlige overføringene. Utgiftsveksten på statsbudsjettet må være lavere enn veksten i samlet produksjon. Samarbeidet om inntektpolitikken vil bli forsterket, med sikte på sysselsettingen og en rettferdig fordeling.

Det vil bli satt i verk tiltak for ytterligere å bedre norske bedrifters evne til å konkurrere.

Det vil bli satset på omfattende og effektive tiltak på arbeidsmarkedet og på økt offentlig aktivitet bl.a. når det gjelder vedlikeholdsarbeid i kommuner og fylkeskommuner. Garansen for tilbud om arbeid, utdanning eller tiltaks-plass for ungdom under 20 år står fast. Innsat-

sen overfor aldersgruppen 20–24 år blir styrket. Langtidsledige vil bli prioritert ved inntak i arbeidsmarkedstiltak. For å hindre at mennesker blir utstøtt og utestengt fra arbeidslivet, vil attføringsarbeidet bli styrket. Det skal satses mer på systematisk etter- og videreutdanning, for å heve utdanningsnivået i den voksne befolkningen og styrke kompetansen i arbeidslivet.

Kravene til en bærekraftig utvikling må være overordnet og prege politikken på alle områder. Det vil bli lagt fram en stortingsmelding om FN-konferansen om miljø og utvikling. Regjeringen vil videreføre arbeidet med internasjonale avtaler som bekjemper miljøproblemene på en effektiv måte.

Regjeringen legger stor vekt på å samarbeide med nabolandene om forurensningsproblemetene på Kola og i Barentshavet. Farene ved atominstallasjoner og atomavfall vil bli viet stor oppmerksomhet.

Regjeringen arbeider med å løse avfallsproblemene på grunnlag av stortingsmeldingen om avfall og gjenvinning. Miljøvernberedskapen vil bli styrket gjennom samarbeid mellom miljømyndighetene og Forsvaret. Det er foreslått en nyorientering av det nordiske samarbeidet. Denne vil Regjeringen følge opp. For første gang kan de nordiske land delta i et utbygd utenrikspolitisk, sikkerhetspolitisk og økonomisk samarbeid i Europa. Med EØS-avtalen nås målet om et nordisk hjemmemarked. Avtalen gir de nordiske land en felles ramme for deltagelse i det europeiske samarbeidet. Regjeringen vil legge stor vekt på nært kontakt med de andre nordiske land i den videre utvikling av dette samarbeidet.

Sverige og Finland, Østerrike og Sveits har søkt om medlemskap i Det Europeiske Fellesskap. En utvidelse av EF med disse landene vil ha stor betydning også for Norges forhold til Norden og Europa. Som varslet i Trontalen i fjor har Regjeringen utredet viktige virkninger for en rekke samfunnsmål om tilhengning til EF og vil komme tilbake til disse spørsmål senere i høst.

Det er høy aktivitet i oljevirksomheten. Både investeringer og produksjon ventes å øke. Regjeringen vil godkjenne utbygging av flere nye felt og bidra til fortsatt betydelig lettevirksomhet gjennom den 14. konsesjonsrunde.

Næringspolitikken vil bli bedre organisert gjennom endringer i departementene.

Forskningen vil bli styrket gjennom opprettelsen av Norges forskningsråd.

Fra 1. januar 1993 blir virkemidlene i nærings- og distriktpolitikken samlet og gjort mer brukervennlige gjennom Statens Nærings- og Distriktsutviklingsfond. Tilgangen på egenkapital blir styrket. Regjeringen vil videreføre

den distriktpolitiske innsatsen på et høyt nivå, for å sikre arbeid og bosetting i hele landet.

Regjeringen vil styrke Sametinget ved å overføre større myndighet til tinget. Regjeringen legger vekt på at landbrukskunnskap fortsatt skal være et viktig fundament for bosetting og sysselsetting i distriktenes. Det vil bli lagt fram forslag om retningslinjer i landbrukspolitikken.

Fiskebestandene øker igjen. Det gir grunnlag for ny vekst i fiskerinæringen. Regjeringen vil gjennom forsvarlig ressursforvaltning sikre større og mer stabile inntekter for norsk fiskerinæring. Regjeringen vil legge vekt på at havbruk igjen skal bli en vekstnæring, og arbeide for at fiskeindustrien får like gode rammevilkår som i konkurrentlandene.

Gode kommunikasjoner er viktige for å opprettholde bosettingsmønsteret og legge til rette for utvikling av næringslivet i alle deler av landet. Innsatsen i samferdselssektoren vil derfor fortsatt bli holdt på et høyt nivå. Det vil også bli lagt vekt på miljø, trafiksikkerhet og effektiv ressursbruk.

Fram mot De olympiske vinterleker på Lillehammer i 1994 vil det bli satset sterkere på å markedsføre norsk kultur og næringsliv i utlandet.

Regjeringens tiltak for å avhjelpe problemerne for familier med tyngende gjeld vil bli videreført.

Barn skal sikres gode oppvekstvilkår. Småbarnsforeldres situasjon vil bli bedret. Foreldrepermisjonen skal forlenges til ett år, med 80 pst. lønnskompensasjon. Av den samlede permisjonstiden skal fire uker forbeholdes faren. Permisjonen skal kunne tas ut fleksibelt for at foreldrene lettere skal kunne kombinere omgang og arbeid.

Regjeringen vil arbeide for å styrke rettssikkerheten for barn og unge, og for å sikre et godt barnevern som gir hjelp til rett tid og verner om de svakest stilte.

Det vil bli stimulert til å bygge flere barnehageplasser slik at behovene kan dekkes før århundreskiftet. Regjeringen arbeider for at alle 6-åringar etter hvert skal kunne tas inn i skolen.

Arbeidet med å gi et bedre opplæringstilbud for barn, unge og voksne med særskilte behov skal fortsette, bl.a. gjennom utvikling av spesialpedagogiske kompetansesentra.

Regjeringen vil gjennomføre skolereformen som gir all ungdom mellom 16 og 19 år lovfestet rett til fullverdig utdanning innen videregående opplæring eller fagopplæring.

Regjeringen går inn for at universitetene og høgskolene kan opprettholde et høyt årlig oppdrag av nye studenter, samtidig som forskning og undervisning holder god kvalitet.

Regjeringen ønsker en mer aktiv og effektiv

offentlig sektor med nødvendige omstillinger av statlig virksomhet. Det vil bli lagt opp til et nært samspill mellom statlige, fylkeskommunale og kommunale organer. Et slikt samspill er viktig bl.a. for å følge opp nasjonale mål for en bedre sosial- og helsetjeneste og for å utnytte de samlede ressurser bedre. Det vil også bli lagt vekt på å skape aktiv deltagelse fra enkeltmenesker og frivillige organisasjoner.

Arbeidsdelingen mellom de enkelte sykehus må vurderes med siktet på å sikre kvaliteten og en mer effektiv sykehusdrift, både innen det enkelte fylke, regionalt og i landet sett under ett. Det blir stadig flere i de eldste aldersklassene. Dette krever at den døgnbaserte omsorgen for de eldre utvikles videre.

For å sikre bred oppslutning om våre velferdsordninger må de oppfattes som rettferdige. Regjeringen legger derfor vekt på å styrke respekten for de spilleregler som gjelder for velferdsordningene.

Kampen mot økonomisk kriminalitet, svart arbeid og svart økonomi vil bli trappet opp. Regjeringen vil gjennomgå skattereglene for å komme frynsegoder og urimelige særfordeler til livs, og stramme inn der reglene i dag gir uheldige resultater.

Kampen mot kriminalitet har høy prioritet i Regjeringens arbeid. Regjeringen vil legge fram forslag til ny politilov og om endringer i domstolenes behandling av straffesaker, for å sikre en effektiv rettspleie, samtidig som rettssikkerheten trygges.

Politi- og lensmannsetatens innsats betyr mye for den enkeltes trygghet. Regjeringen vil foreslå å overføre ansvaret for lensmannskontorene fra fylkesmennene til politimestrene.

Det vil bli lagt fram en melding om den framtidige sivile beredskap. Hensikten er å bringe etatens organisering, mål og metode i samsvar med utviklingen.

Slutten på den kalde krigen og utviklingen mot en europeisk sikkerhetsordning preget av samarbeid og dialog har bidratt til å øke Norges sikkerhet. Samtidig råder det usikkerhet om utviklingen i Russland.

Regjeringen går inn for et utvidet samarbeid i Barentsregionen. Samarbeidet skal styrke nordnorsk næringsliv og bidra til en politisk, økonomisk og økologisk stabilisering av de russiske nærområdene i nord.

Regjeringen vil bidra aktivt til å trygge en demokratisk og bærekraftig utvikling i Sentral- og Øst-Europa. Handlingsprogrammet for Øst-Europa vil bli fulgt opp.

Oppblomstringen av etniske, religiøse og sosiale konflikter med krig og borgerkrigslignende tilstander flere steder i Europa truer med å svekke stabiliteten i vår verdensdel.

Krigen i det tidligere Jugoslavia berører også

vår sikkerhet. Regjeringen vil fortsatt aktivt følge opp vedtak i De Forente Nasjoner og i Konferansen om sikkerhet og samarbeid i Europa om humanitær hjelp for de krigsherjede deler av Balkan og om fredsbevarende operasjoner.

Fellesforsvaret i NATO vil fortsatt være det viktigste vern om vår militære sikkerhet. Alliansen er et vitalt bindeledd mellom Nord-Amerika og Europa.

EF bidrar til å sikre grunnlaget for fred i Europa. Vestunionen utvikles som bindeledd mellom EF og NATO. Regjeringen tar sikte på assosiert norsk medlemskap i Vestunionen innen utgangen av 1992.

Regjeringen vil i høst framlegge sitt syn på hvordan et tidsmessig forsvar kan utformes i forhold til de nye utfordringer og forutsetninger.

Utviklingshjelp og humanitær bistand vil bli opprettholdt på et høyt nivå, for å bidra til økonomisk vekst i utviklingslandene, en forsvarlig forvaltning av ressurser og miljø, og fremme av menneskerettigheter og fred mellom nasjoner og regioner. Arbeidet med å effektivisere utviklingshjelpen vil fortsette.

Regjeringen vil arbeide for likestilling mellom innvandrere og befolkningen for øvrig, og motarbeide rasisme og etnisk diskriminering.

Regjeringen vil bidra til økt livskvalitet og nyskapning gjennom en aktiv kulturpolitikk som kommer flest mulig til gode. Den estetiske utformingaen av vårt miljø vil bli tillagt økt vekt. Mediene har en viktig rolle å spille i formidlingen av informasjon og kultur, og kan dermed bidra til et levende demokrati.

Den norske kirke vil bli opprettholdt som en funksjonsdyktig stats- og folkekirke.

Jeg ber Gud velsigne Stortingets gjerning, og erklærer Norges 137. Storting for åpnet.

Melding frå Kongen til Stortingen om Noregs rikes tilstand og styring i tida etter siste melding, lesen av statsråd Jan Henry T. Olsen:

I samsvar med Grunnlova gjev Kongen denne meldinga til Stortingen om Noregs rikes tilstand og styring i tida etter siste melding.

Også det siste året har Noreg teke aktivt del i det internasjonale samarbeidet for fred, tryggleik og avspenning.

Europa er framleis i omforming. Den kalde krigen har vike plassen for samarbeid. Trusseleien om ein massiv militær konflikt i Europa er borte. Men nye kjelder til ufred og ustabilitet er komne til. Ei hovudoppgåve i arbeidet med å byggje opp ein ny europeisk fredsorden har vore å gjere det internasjonale samfunnet betre i stand til å hindre og løse konfliktar som spring

ut av motsetnader mellom etniske grupper og nasjonalitetar.

Tryggleiken har så vel ein miljødimensjon som ei økonomisk og ei sosial side. Landa i Sentral- og Aust-Europa gjennomfører nødvendige, men smertefulle reformer. I samarbeid med andre vestlege land har Regjeringa prøvd å fremje utvikling av stabile demokrati og sosialt ansvarleg marknadsøkonomi i reformstatane.

EF har stått fram som ein pådrivar i det fredsskapande og konfliktløysande arbeidet i vår del av verda. Under krisa i det tidlegare Jugoslavia har EF spela ei sentral rolle, i samarbeid med Dei sameinte nasjonane (FN) og Konferansen om tryggleik og samarbeid i Europa (KSSE). I den seinare tida har også Atlanterhavspakta og Vestunionen komme inn i biletet. Samarbeidsorgan som Europaratet, OECD og EFTA har like eins spela ei viktig rolle.

I Europaratet har Noreg arbeidd aktivt for å trekke inn også reformstatane i Sentral- og Aust-Europa. Vern om menneskerettane og arbeid for demokrati har vore dei viktigaste arbeidsområda. I forholdet til KSSE har Noreg lagt vekt på at dei to institusjonane har ulike, men utfyllande roller.

Etter omfattande og til dels kompliserte forhandlingar vart avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet (EØS) underskriven av EFTA-landa og EF den 2. mai 1992. Avtala vart, saman med avtalane som etablerer eit overvakingsorgan i EFTA, EFTA-domstolen og den faste EFTA-komiteen, lagd fram for Stortinget i mai 1992 med framlegg om samtykke til ratifikasjon.

Formålet med EØS-avtala er å fremje ei varig og balansert styrking av handel og økonomisk hopehav med like konkurransevilkår og eit felles regelverk for fritt varebytte og fri flyt for personar, tenester og kapital. I tillegg blir det skipa institusjonar som skal sikre at regelverket blir etterlevd. EØS-avtala fører også til eit nærrare samarbeid på andre område.

Noreg har lagt vekt på å ha så nær kontakt som mogleg med EF-landa og med EF-institusjonane og det utanrikspolitiske samarbeidet EPS. På toppmøtet i Maastricht vedtok EF-landa ei omfattande reform av samarbeidet sitt. Det viktigaste resultatet var vedtaket om å opprette ein økonomisk og monetær union. Maastrichtavtala har gjort det nødvendig for Noreg å styrke kontakten med Fellesskapet ytterletere. Avtala tek ikkje til å gjelde før det ligg føre ratifikasjon.

Dei nordiske landa har vore samde om å styrke og føre vidare det nordiske samarbeidet på ein måte som tek omsyn til den raske utviklinga i Europa og korleis dei nordiske landa tilpassar seg den.

Det tosidige samarbeidet med våre allierte,

både i Europa og Nord-Amerika, har vore nært og godt. Dei transatlantiske banda til USA og Canada er framleis like viktige.

Atlanterhavspakta har ei sentral rolle i oppbygginga av ein ny europeisk tryggingsstruktur. Alliansen har halde fram med å omstille seg til nye politiske og militære rammevilkår.

Etableringa av Det nordatlantiske samarbeidsrådet (NACC) i desember 1991 må ein sjå i dette perspektivet. Det første ordinære møtet i rådet fann stad i Oslo.

Noreg har innanfor NACC teke initiativ til eit samarbeid om miljøproblem som skriv seg frå militær verksemid. Noreg har også teke initiativ til å få dette opp på dagsordenen i KSSE.

Noreg har etablert diplomatisk samband med alle dei nye statane i det tidlegare Sovjetunionen, og det er oppretta ambassadar i dei tre baltiske statane og i Kiev. I tillegg er det oppretta generalkonsulat i St. Petersburg og i Murmansk.

Gjennom den protokollen som vart underskriven under vitjinga til utanriksminister Kozyrev i Oslo i mars, er det lagt eit godt grunnlag for å føre vidare det norsk-russiske samarbeidet. Russland har teke over dei pliktene som Sovjetunionen hadde. Regjeringa har vidareført forhandlingane om ei delelinje i Barentshavet.

For Nord-Noreg byr samarbeidet med Nordvest-Russland på gode framtidsutsikter. Regjeringa sin handlingsplan for samarbeid med reformlanda i aust legg opp til eit langsigkt samarbeid med særleg vekt på Nordvest-Russland.

Regjeringa har teke initiativ til eit samarbeid i Barentsregionen som omfattar Nordland, Troms og Finnmark, Murmansk og Arkangelsk og på noko sikt Norrbotten og Lappland.

Frå norsk side har ein stødd aktivt opp om arbeidet innanfor FN, EF og KSSE for å få slutt på borgarkrigen i det tidlegare Jugoslavia. Noreg har stødd opp om strategien til Høgkommissæren for å hjelpe flyktningar og nødlidande og ytt omfattande humanitær hjelp. Regjeringa har også vore med på å gje omfattande nødhjelp til ofra for tørkekatastrofen i det sørlege Afrika og på Afrikas Horn.

Noreg har teke aktivt del i arbeidet med å styrke og vidareutvikle KSSE, m.a. ved å opprette permanente institusjonar og gjennom eit intensivert politisk samarbeid.

Regjeringa har lagt vekt på aktiv norsk deltaing i arbeidet for rustingskontroll og nedrusning i FN og ved Nedrustingskonferansen i Genève. Frå norsk side har ein særleg engasjert seg i spørsmåla om eit totalforbod mot kjemiske våpen og stans i alle kjernefysiske prøvesprøyngingar.

Noreg har aktivt vore med i arbeidet for å styrke det internasjonale menneskerettsvernet. På toppmøtet i Helsingfors vart det vedteke

å opprette ein høgkommissær for minoritetsspørsmål innanfor KSSE.

Regjeringa har følgt aktivt med i arbeidet med å avskaffe apartheid i Sør-Afrika. Den norske konsulære representasjonen er oppgradert til ambassade.

ILO-konvensjonen Om urfolk og stammefolk i sjølvstendige statar, vart ratifisert av Noreg i 1990 og tok til å gjelde for den samiske folkesetnaden.

Den 8. FN-konferansen for handel og utvikling (UNCTAD) vart halden i Colombia i februar 1992.

Den 46. generalforsamlinga i FN vedtok i desember 1991 eit nytt handlingsprogram for utviklinga i Afrika i 1990-åra. Handlingsprogrammet vart forhandla fram hausten 1991 i ein plenarkomit  under leiing av Noregs FN-ambassadør Martin Huslid.

Regjeringa har aktivt teke del i å førebu og halde FN-konferansen om milj  og utvikling (UNCED) i Rio de Janeiro i juni i år. Konferansen resulterte i at ein vedtok eit handlingsprogram for det internasjonale samarbeidet om milj -og utviklingsproblem i det 21. hundreåret. Parallelt med førebuingane til konferansen vart det forhandla fram to globale konvensjoner, den eine med sikte på å verne klimaet og den andre for å ta vare på det biologiske mangfaldet. Saman med over 150 land skreiv Regjeringa under på begge konvensjonane.

I det tidlegare Sovjetunionen og i dei austeuropiske statane har det komme for dagen store problem i samband med bruk av atomenergi. Det er derfor innleidd samarbeid om ei rekke strakstiltak for å betre forhold som har følger for vårt næromr de, m.a. forholda ved atomkraftverk på Kola.

Gjennom underskrivinga av E S-avtala v ren 1992 er det lagt eit grunnlag for eit n rare og meir forpliktande milj vernsamarbeid mellom EF og EFTA.

Ei tosidig milj vernavtale mellom Noreg og Ungarn vart underskriven hausten 1991.

Milj vernsamarbeidet med Russland er styrkt gjennom ei ny milj vernavtale underskriven i Kirkenes i september. Det er dessutan utarbeidd utkast til ei avtale med Russland om samarbeid om oljevern i Barentshavet.

Noreg inngjekk i 1991 ei tosidig milj vernavtale med Indonesia.

Noreg skreiv i november 1991 under ei internasjonal avtale om å stabilisere utsleppa av flyktige organiske sambindingar på 1988-niv .

Noreg ratifiserte i november 1991 endringane i Montreal-protokollen om stoff som reduserer ozonlaget.

Sommaren 1992 skreiv Noreg og Chile under ei tosidig samarbeidsavtale om vern av ozonlaget.

Noreg har slutta seg til ei internasjonal av-

tale om stabilisering av NO_x-utsleppa. I tillegg har Noreg, saman med elleve andre vesteuropeiske land, skrive under ei felles politisk intenjsjonsfråsegn om ein reduksjon av dei samla NO_x-utsleppa.

Regjeringa har fremja ein proposisjon om samtykke til å ratifisere ein konvensjon om konsekvensutgreiingar av tiltak som kan ha grenseoverskridande verknad.

Regjeringa har vedteke at Noreg skal ta opp att kommersiell fangst av vågekval.

Noreg har saman med Færøyane, Grønland og Island skipa Den nordatlantiske sjøpatedyrkommisjonen (NAMMCO).

Den 6. august 1992 skreiv Danmark, Nederland, Tyskland, Irland, Frankrike og Noreg under ei avtale om etablering og drift av eit sivilt Loran C-samarbeid.

Samanhengen mellom energi, miljø og økonomisk utvikling vart drøfta på Solstrand i juli i år, der utanriks- og energiministrar frå sentrale industriland, OPEC-land og utviklingsland møtte.

Det europeiske energicharteret vart underskrive i Haag i desember 1991.

Noreg har teke del i samarbeidet i Det internasjonale energibyrået (IEA).

Noreg har ført vidare dei tosidige kontaktane med OPEC-landa og har møtt som observatør på uformelle møte mellom uavhengige petroleumsekspoterande land.

Norske verksemder har fått fleire langsiktige kontraktar for leveransar til den europeiske romorganisasjonen ESA. Omsetninga av norskproduserte varer og tenester innanfor romsektoren har auka monaleg.

I Antarktis har Regjeringa halde fast ved dei norske suverenitetskrava og ført vidare den aktive norske deltakinga i samarbeidet under Antarktistraktaten. Ein miljøprotokoll til traktaten vart underskriven i Madrid i oktober 1991.

Innanfor Rovaniemi-samarbeidet har dei åtte arktiske statane vedteke å opprette eit miljøovervakingsprogram for Arktis. Sekretariatet er lagt til Noreg, som har hatt hovudansvaret for å etablere programmet.

GATT-forhandlingane (Uruguayrunden) som tek sikte på å styrke og utvide det fleirsidige handelssystemet, vart ikkje avslutta dei første månadene i 1992 som planlagt. Det er ikkje sett nokon ny frist for når runden skal avsluttast, men forhandlingane held fram.

USA la i 1991 straffetoll på norsk laks. Noreg motsette seg dette og tok saka til tvisteløysing i GATT. Saka der USA klaga Noreg inn for GATT for brott på regelverket om offentlege innkjøp i samband med tildelinga av ein utviklingkontrakt til bompengeringen i Trondheim, vart avslutta i mai 1992. Konklusjonen gjekk mot den

argumentasjonen Noreg gjorde bruk av i saka.

I år hadde Noreg formannskapet på ministerrådsmøtet i OECD.

Forhandlingane om ei internasjonal avtale mot statleg subsidiering av skipsbyggingsindustrien har stansa opp.

Ei avtale med Sverige og EF som sikrar at Noreg blir tilslutta det luftfartspolitiske regelverket i EF, har teke til å gjelde.

Det er gjennomført fleire breie kultursatsningar siste året, m.a. arrangement i Frankrike hausten 1991. I Oslo er Norges Informasjonscenter etablert. Under verdsutstillinga i Sevilla har den norske paviljongen slått godt an.

Det har vore arbeidd aktivt med å førebu brei norsk deltaking i EF-programma for utveksling av studentar, COMETT II og ERASMUS.

Regjeringa har styrkt det internasjonale forsikringssamarbeidet, m.a. gjennom å auke finansieringa av norsk deltaking i rammeprogrammet til EF.

Importreguleringar for visse teknologiar er ført vidare. Samtidig er det gjennomført omfattande liberaliseringar.

Eit breiare europeisk frihandelssystem er i ferd med å vekse fram i det nye Europa. EF har inngått assosieringsavtaler med fleire land i Sentral- og Aust-Europa. Parallelt har EFTA-landa forhandla frihandelsavtaler med dei same landa. Ei avtale mellom EF og Tsjekkoslovakia tok til å gjelde i juli i år. I tillegg tok tosidiige frihandelsavtaler mellom Noreg og dei tre baltiske statane til å gjelde i juli i år.

For å stø opp om reformprosessen i Sentral- og Aust-Europa og det tidlegare Sovjetunionen har Noreg sett i verk tiltak både gjennom tosidiige og fleirsidige kanalar.

Noreg har teke aktivt del i innsatsen for å hjelpe reformlanda i aust gjennom G24-samarbeidet og gjennom IMF, Verdsbanken, EBRD, ECE og EFTA. På nordisk nivå er det oppretta eit nordisk investeringsprogram for Baltikum.

Stortinget vedtok i juni i år å utvide samarbeidet mellom Noreg og reformlanda i aust. Det vart løyvd 250 mill. kr som tillegg på budsjettet til dette.

Noreg har teke aktivt del i liberaliseringa av COCOM-regelverket for eksportkontroll av strategiske varer, teknologi og tenester. Med sikte på å hindre spreiling av masseøydeleggingsvåpen og rakettar er kontrollen innanfor ramma av Australia-gruppa og Regimet for eksportkontroll av raketteknologi (MTCR) vorte styrkt, m.a. som eit resultat av eit plenumsmøte i MTCR i Oslo i juli 1992. Noreg har også engasjert seg i arbeidet for å skjerpe kontrollen med internasjonal våpenhandel.

Noreg har det siste året inngått investeringsverneavtaler med fleire austeuropeiske land og Baltikum. Det er etablert ei garantiordning for

eksportkredittar og investeringsgarantiar på 1,8 milliardar kr for Samveldet av uavhengige statar (SUS) og dei baltiske statane. Det er oppretta ei særskild garantiordning på 300 mill. kr for Polen, Tsjekkoslovakia og Ungarn. Som det første landet har Noreg etablert eit fond på 12 mill. kr for teknisk assistanse på miljø- og energisektoren under EBRD.

Noreg har halde fram med å delta aktivt i arbeidet i Paris-klubben for restrukturering av gjeld.

Stortinget har vedteke ein proposisjon om styrkt kontroll med norske skip og med utanlandske skip i norske hamner. Det er lagt fram ei melding om brannulykka på passasjerferja «Scandinavian Star» med framlegg om tiltak for å betre tryggleiken.

Skipregistra her til lands er skilde ut frå domstolane og omorganiserte.

Det høge nivået på norsk utviklingshjelp og humanitært hjelpearbeid er ført vidare. Dei totale utbetalingane i 1991 var 7 649 mill. kr og utgjorde 1,14 pst. av bruttonasjonalinntekta (BNI), mot 1,17 pst. i 1990.

Utbetalingane i 1991 fordelt seg med 50,9 pst. på rein tosidig hjelp, 45,6 pst. til fleirsidig hjelp og 3,5 pst. til administrasjon.

Utbetalingane til multilaterale organisasjoner auka med 64 mill. kr frå 1990 til 1991. Det generelle bidraget var dermed på 2 933,5 mill. kr og utgjorde 38,4 pst. av utbetalingane, mot tilsvarende 37,9 pst. i 1990. Dei største mottakarane i 1991 var FN-utviklingsprogrammet (UNDP) og Det internasjonale utviklingsfondet (IDA).

I det tosidige arbeidet er det framleis lagt stor vekt på hjelp til Afrika sør for Sahara.

Hjelpa til Asia vart noko redusert frå 1991 til 1992, medan det frå 1991 til 1992 var ein mindre auke i hjelpa til Mellom-Amerika.

Det er framleis lagt stor vekt på å styrke det regionale samarbeidet, særleg i Afrika gjennom m.a. SADCC-arbeidet og i Mellom-Amerika.

I 1991–92 vart det gjennomført ei rekke tiltak for å følge opp krisa i Persiabukta. Det er løyvd midlar til tiltak for kurdiske flyktningar. Det er også løyvd midlar til hjelpetiltak i det tidlegare Jugoslavia på grunn av krigssituasjonen der.

I 1991 vart det kanalisiert til saman 1,3 milliardar kr gjennom norske og internasjonale private organisasjoner, og det utgjer om lag 17 pst. av dei totale utbetalingane til utviklingshjelp.

Utbetalingane til miljøretta tiltak har ligge like høgt som tidlegare år.

Det blir lagt auka vekt på støtte til tiltak for å styrke demokrati og menneskerettar, og det er utarbeidd eigne retningslinjer for dette arbeidet.

Etterspørselet etter blanda kredittar har

auka monaleg frå 1991 til 1992, og det er gjort framlegg om ein auke i løyvingane på 250 mill. kr. Samstundes er ramma for tilsegner auka frå 465 mill. kr til 600 mill. kr.

Det er gjennomført fleire evalueringar av fleirsidig og tosidig hjelpeinnsats i 1991–92.

Den store stønaden til forsking held fram. Samarbeidet med norske universitet for å styrke forskingskompetansen i utviklingslanda er ført vidare.

I mai vart det lagt fram ei melding om utviklingsdraga i nord/sør-forholdet og om samarbeidet Noreg har med utviklingslanda.

Den aktive tilpassinga i NATO til den nye tryggingspolitiske situasjonen i Europa har det siste året halde fram i høgt tempo. På toppmøtet i Roma i november 1991 vedtok stats- og regjeringssjefane det nye strategiske konseptet for alliansen. Eit militært strategidokument som følger opp dette vart vedteke av forsvarsministrane i desember, saman med prinsippa for den nye styrkestrukturen i NATO og eit nytt forsterkningskonsept.

Forsvarsplanleggingskomiteen vedtok vidare i desember 1991 hovudelementa i den nye kommandostrukturen i NATO og i mai 1992 dei underordna kommandoane, lokalisering og fordeling av toppstillingar som fører med seg ei rekke endringar for Noreg. Regjeringa har sendt ein eigen proposisjon til Stortinget om dette.

Som ei følge av dei positive endringane i den internasjonale situasjonen vil dei kjernevåpna NATO har i Europa, bli reduserte med om lag 90 pst. i høve til 1980. Endringane i NATO-strategien fører til at arbeidet med å hindre bruk eller trussel om bruk av kjernevåpna er blitt stadig viktigare. Den sentrale utfordringa i dag er faren for spreieing, og det er derfor eit overordna mål å hindre at det skjer. Regjeringa har arbeidd aktivt for dette.

Samanbrottet i Sovjetunionen og dei politiske og militære problema som knytte seg til opprettninga av SUS, førte vinteren 1991–92 til store problem for ratifikasjonen av CFE-avtala om konvensjonelle styrkar i Europa. Desse problema er no løyste, og sjølv om ikkje alle landa enno av praktiske årsaker har ratifisert avtala, vart det gjort vedtak om at ho skulle setjast i verk mellombels frå juli 1992. I tilslutning til KSSE-toppmøtet sommaren 1992 vart det skrive under ei avtale med dei same partane om avgrensingar på militært personell.

Som ledd i arbeidet for å skape opnare tilhøve vart det i mars 1992 underskrive ei avtale om gjensidige observasjonsflygingar over territoria til deltakarlanda.

Noreg yter framleis eit monaleg bidrag til dei fredsvernande operasjonane til FN. I dag er Forsvaret med i seks av tolv operasjonar. Perso-

nell frå Forsvaret tek vidare del i den FN-kommisjonen som står for å overvake øydelegginga av masseøydeleggingsvåpna i Irak.

I samband med EF-toppmøtet i Maastricht i desember 1991 vedtok Den vesteuropeiske unionen (VEU) å tilby m.a. Noreg assosiert medlemsskap. Nærare vilkår for dette vart vedteke på ministermøtet for VEU-landa i Bonn i juni 1992, og tingane med dei aktuelle landa, mellom desse Noreg, vart innleidde alt i juli.

Forsvarsbudsjettet har ført til ein reell reduksjon i høve til 1991-budsjettet. Den tryggingspolitiske utviklinga gjer det no mogleg å la Forsvaret ta sin del av børa som den vanskelege økonomiske situasjonen i landet har ført med seg.

Forsvarskommisjonen av 1990 leverte i mars ei utgreiing med vurdering av kva slag forsvarssuktur som bør leggjast til grunn i tida 1994–98 og om perspektiva for dei påfølgjande 10 åra, med bakgrunn i den endra tryggingspolitiske og strategiske situasjonen.

Det er lagt fram ei stortingsmelding om leiar-skap og organisasjonsformer i Forsvaret.

Omorganiseringa og rasjonaliseringa av Forsvaret har halde fram. Det er vedteke ei rad nedleggingar og omorganiseringstiltak. Det er vedteke endringar i tenestetida og tenestemønsteret for personell i førstegongsteneste. Talet på rekruttar etter første øvingsdag er no om lag 27 000, medan ein ventar at det blir om lag 22 000 etter den nye ordninga.

Som eit ledd i omstruktureringa av forsvarssorganisasjonen, vart dei tre forsyningsskommandoane som tidlegare låg under departementet, frå årsskiftet lagde til Forsvarssjefen.

Stortinget har vedteke at flyavdelinga ved Forsvarsmuseet skal leggjast til Bodø, der Luftforsvarsmuseet vil utgjere ein del av Norsk Luftfartssenter.

Regjeringa har gjort framlegg om å konverte rakettluftvernsystem og levele tilbake leid HAWK-materiell til amerikanske styresmakter.

Det er utarbeidd ein eigen miljøplan for Forsvaret. Det er sett ned eit utval som skal greie ut om miljøtroppar kan setjast inn ved miljøkatastrofar i Noreg eller i utlandet.

Folkemengda pr. 1. april 1992 var 4 278 576 etter førebels tal. Tilveksten i første kvartal var 4 942. Nettoinnflytinga i første kvartal var 1 917 mot 1 897 i første kvartal i 1991. Folketalet i Noreg auka i 1991 med 23 804, som er 7 090 meir enn året før. I 1991 var det ei nettoinnflyting til Noreg på 8 045, som er 6 335 høgare enn i 1990. Talet på fødde gjekk ned med 131 til 60 808. Dette førte til ein nedgang i samla fertilitet frå 1.93 i 1990 til 1.92 i 1991.

Ved utgangen av 1991 var 14,4 pst. av folke-mengda 67 år eller eldre, og 20,3 pst. var under

16 år. På same tid var det registrert 147 774 bu-sette med utanlandsk statsborgarskap, ein auke på 4 470 frå eitt år før. Talet på personar med statsborgarskap i europeiske land auka med 1 281 til 74 139.

I 1991 var det i gjennomsnitt 2 030 000 sys-selsette personar. Det er nærare 100 000 færre enn i 1987. Nedgangen har minka noko inn i 1992. Talet på sysselsette har vorte redusert med 5 000 personar frå første halvår 1991 til første halvår av 1992.

Tilgangen på ledige stillingar var om lag uendra frå 1990 til 1991. Det har likevel vore ei positiv utvikling i første halvår av 1992, der til-gangen på ledige stillingar auka med om lag 11 000 i høve til same perioden i 1991.

I 1991 var det i gjennomsnitt registrert om lag 100 700 heilt ledige. Det var ein auke på om lag 8 000 personar frå 1990 og utgjorde om lag 4,7 pst. av arbeidsstyrken. Arbeidsløysa auka ytterlegare i første halvår av 1992 til 114 900, eller 5,4 pst. Det er 17 900 fleire enn for eitt år sidan.

Sett i høve til arbeidsstyrken i dei einskilde aldersgruppene er arbeidsløysa ujamnt fordelt med mange ledige i aldersgruppa 20 til 25 år og for personar over 60 år. Den relative fordelinga mellom aldersgruppene har endra seg lite frå 1990 til 1991. Arbeidsløysa mellom dei yngste, 16 til 19 år, har gått noko ned.

Talet på personar som har vore ledige i 26 veker eller meir, har gått opp. Frå 1990 til 1991 auka talet på langtidsledige lite grann. Frå første halvår av 1991 til første halvår av 1992 har likevel talet på langtidsledige auka med om lag 9 700 personar til i gjennomsnitt 39 200. Det er nærare 35 pst. av alle heilt ledige. I tillegg aukar talet på personar som er ledige i sær-leg lange periodar.

Omfanget av arbeidsmarknadstiltaka auka ein god del frå 1990 til 1991. Talet på ordinære personretta tiltak auka med om lag 5 000 til 45 000 personar. I tillegg auka talet på personar på attføringstiltak med om lag 1 200 til 12 100 personar. I første halvår av 1992 var det om lag 48 600 personar på ordinære personretta tiltak, som er om lag 800 fleire enn for eitt år sidan. Samstundes var om lag 13 100 på attføringstiltak, ein auke på 1 500 i høve til same perioden i fjor. I tillegg deltok i gjennomsnitt 2 500 personar på bedriftsretta tiltak i første halvår av 1992.

Produksjonen av olje og gass for sal på den norske kontinentalsokkelen var i 1991 118,4 mill. tonn oljeeiningar mot 107,4 mill. tonn oljeeiningar i 1990. I første halvår av 1992 var produksjonen 65,2 mill. tonn oljeeiningar, ein auke på 9,2 pst. i høve til same perioden året før.

Pr. 31. desember 1991 er det totalt påvist 5 386 mill. tonn oljeeiningar på norsk sokkel.

Oppjusteringa av ressursgrunnlaget for felt i produksjon og felt med godkjend plan for utbygging i tillegg til nye funn i 1991 var høgare enn den samla produksjonen for året.

Investeringskostnadene til faste installasjoner og rørleidninger på kontinentalsockelen var i 1991 nær 33 milliardar kr, 6,5 milliardar kr høgare enn året før. I det same tidsrommet kom leitekostnadene opp i vel 8 milliardar kr mot vel 5 milliardar kr året før.

Det totale salet av petroleumsprodukt var i 1991 7 984 mill. liter. Det er ein reduksjon fra året før på 3,9 pst. Totalsalet i første halvår 1992 var på 3 884 mill. liter, ein auke på 2,3 pst. samanlikna med same perioden i 1991. Salet av blyfri bensin er no høgare enn salet av blyhaldig bensin.

Produksjonen av elektrisk kraft i 1991 var 110,9 milliardar kilowatt-timar (TWh). Det er ein nedgang på 8,8 pst. i høve til toppåret 1990. I første halvår av 1992 var produksjonen av kraft 59,8 TWh. Det er ein nedgang på 2,2 pst. i høve til første halvår av 1991. I 1991 var det eit eksportoverskott på 2,8 TWh mot heile 15,9 TWh i 1990.

Bruttoforbruket av elektrisk kraft gjekk i første halvåret av 1992 ned med 2,1 pst. i høve til same tidsrommet året før. I tolv-månaders-perioden juli 1991 til og med juni 1992 var bruttoforbruket 107,0 TWh, ein nedgang på 1,9 pst. i høve til same perioden eitt år tidlegare.

Det var liten auke i utbygd kapasitet siste året. I 1991 auka installert maskinkapasitet med 8 megawatt (MW) og fastkraftproduksjonsevna med om lag 20 GWh.

Konsumprisindeksen for dei åtte første månadene i år låg i gjennomsnitt 2,4 pst. høgare enn i den tilsvarende perioden i fjor. Tilsvarte tal året før var 3,7 pst.

Den reviderte nasjonalrekneskapsstatistikken for 1991 viser at bruttoinvesteringa i fast kapital i varehandelen var 4 750 mill. kr i 1991 og 4 731 mill. kr i 1990. Nedgangen i sysselsettjinga i varehandelen stoppa opp i 1991. I første halvår av 1992 har det vore en liten auke i syselsettjinga.

I første kvartal av 1992 auka det omsette volumet i detaljhandelen totalt med 2,2 pst. samanlikna med første kvartal av 1991. Utanom motorkjøretøy og bensin var auken 1,6 pst.

I engroshandelen auka det omsette volumet med 3,9 pst. i første kvartalet av 1992 samanlikna med den same perioden året før. Utanom motorkjøretøy, brensel og drivstoff var auken 4,1 pst. i denne perioden.

Overnattingssstatistikken for hotell og andre overnattingstader synte ein vekst i 1991 på 7 pst. frå året før. Norske gjestedøgn gjekk opp med 5 pst., medan utanlandske gjestedøgn auka med 11 pst. Totalt er det registrert om lag

12,8 mill. gjestedøgn i 1991, og av desse stod nordmenn for om lag 70 pst. På campingplassane er det registrert om lag 5,1 mill. overnattningar, det same omfanget som i 1990. Nordmenn står her for 57 pst. av belegget. For dei første sju månadene av 1992 er veksten i utanlandske gjestedøgn 10 pst., medan norske gjestedøgn auka med 1 pst. Dei totale reisevalutainntekten til Noreg var i 1991 10,7 milliardar kr, 12,7 pst. høgare enn i 1990. Reisevalutautgiftene var 21,5 milliardar kr, 1,3 pst. lågare enn i 1990.

Førebelts oppgåver over varebytet med utlandet syner at verdien av innførsla utanom skip og oljeplattformer i dei seks første månadene av 1992 var 77,8 milliardar kr. Verdien var 1,7 milliardar kr høgare enn i fjor. Verdien av utførsla var i første halvår av 1992 102,7 milliardar kr, eller 2,5 milliardar kr mindre enn i januar–juni 1991. Av utførsla i dei seks første månadene av 1992 utgjorde råolje og gass 48,3 milliardar kr, mot 48,4 milliardar kr i fjor. Handelsbalansen med utlandet for Fastlands-Noreg synte dermed eit underskott på 23,4 milliardar kr første halvår i år, mot 19,3 milliardar i 1991.

For perioden januar–april 1992 syner førebels oppgåver for driftsrekneskapen overfor utlandet eit overskott på 5,8 milliardar kr mot 8,2 milliardar kr for januar–april 1991. For varer og tenester i alt var det eit eksportoverskott på 20,5 milliardar kr i januar–april 1992 mot 21,0 milliardar kr i same perioden året før. Eksportoverskottet i januar–april 1992 fordeler seg på varer med 19,7 milliardar kr og på tenester med 0,8 milliardar kr. Tilsvarte tal for same periode i 1991 var 17,4 og 3,6 milliardar kr.

Rente- og stønadsbalanse syner eit underskott på 14,7 milliardar kr i januar–april 1992 mot 12,8 milliardar kr i januar–april 1991. Renter til utlandet netto gjekk ned med 0,5 milliardar kr, medan aksjeutbytte m.m. og stønader viser ein oppgang på høvesvis 1,8 og 0,6 milliardar kr.

Noregs nettogjeld overfor utlandet gjekk ned i januar–april 1992 med 3,6 milliardar kr. Skilnaden mellom overskottet på driftsrekneskapen og nedgangen i nettogjelda er omvurderingar av fordringar og gjeld, særskilt som følgje av valutakursendringar. Nettogjelda overfor utlandet ved utgangen av april 1992 syner etter dette 60,1 milliardar kr.

Den samla gjelta som publikum har til innanlandske og utanlandske kjelder, fall med 1,4 pst. i 1991. Dei siste tolv månadene fram til utgangen av februar i år fall gjelta til publikum med 1,6 pst. Pengemengda auka med 10,6 pst. i 1991. Dei siste 12 månadene fram til utgangen av mai auka pengemengda med 9,9 pst.

Pengemarknadsrentene steig noko på seinhausten i fjor, m.a. i samband med valutakrisa i Sverige og Finland. Den effektive tremånaders-

renta var på det høgaste 6. desember, og var då 12 pst. I dei påfølgjande månadene fall pengemarknadsrenta til litt over 11 pst. Sidan byrjinga av april og fram til utgangen av juni har den effektive pengemarknadsrenta vore rundt 10,9 pst. I samband med renteauken elles i Vest-Europa steig pengemarknadsrenta i juli, og låg effektivt på 11,2 pst. ved utgangen av månaden.

Pengemarknadsrenta låg på det meste 0,9 prosenteiningar høgare enn tremånaders teoretisk ecu-rente i fjor haust. Rentedifferansen fall mot slutten av fjoråret. Frå byrjinga av mars og fram til utgangen av mai har den norske tremånadersrenta vore om lag på nivå med gjennomsnittet for ecu-landa. I juni og juli har rentedifferansen vore negativ, og i samband med renteauken elles i Vest-Europa i siste halvdel av juli var skilnaden på det høgaste opp i -0,6 prosenteiningar.

Effektiv dagslånsrente i Noregs Bank har vore 10,5 pst. sidan 19. september i fjor, då ho vart auka med 0,5 prosenteiningar.

Rentemarginen i bankane låg ved utgangen av første kvartal på 5,5 prosenteiningar, det same som ved årsskiftet, men 0,4 prosenteiningar lågare enn eitt år tidlegare.

Førebels tal for bankane syner at driftsresultata etter tap var betre i første kvartal i år samanlikna med første kvartal av 1991. Forretningsbankane hadde likevel, som den einaste gruppa av finansinstitusjonane, negativt resultat. Dersom ein ser bort frå dei svake tala for Den Norske Hypotekforening, synte kreditføretaka resultatforbetring i første kvartal av 1992 i høve til første kvartal året før. Finansieringselskapene hadde ei vesentleg betring av resultata sine i dei same periodane.

Totalindeksen ved Oslo Børs låg 21 pst. lågare ved utgangen av juli i år samanlikna med indeksverdien ved utgangen av september i fjor. I valutamarknaden har den norske krona sidan september i fjor lege stabilt i intervallet 0,2–0,5 prosenteiningar svakare enn den fastsette sentralverdien. Dei tre siste månadene i 1991 var Noregs Bånk netto seljar av utanlandsk valuta som svarte til 9,2 milliardar kr. Ved utgangen av 1991 tilsvarte verdien av valutareservane 80,4 milliardar kr. Frå årsskiftet og fram til utgangen av juli i år har Noregs Bank netto selt utanlandsk valuta som svarer til 4,7 milliardar kr. Valutareservane utgjorde 98,6 milliardar kr ved utgangen av juni i år.

I oktober 1991 gjorde Regjeringa framlegg til nye tiltak for å stø opp om soliditeten og innteninga i bankane. M.a. vedtok Stortinget å løye 6 milliardar kr meir til Statens Banksikringsfond og 4,5 milliardar kr til det nyopprettet Statens Bankinvesteringsfond.

Regjeringa har arbeidd med mange tiltak for

å få økonomien til å fungere betre, jf. særleg skattereforma og EØS-avtala. Også arbeidet med å effektivisere den norske kraftmarknaden i samsvar med intensjonane i den nye energilova er ein viktig del av dette.

Frå første halvår av 1991 til første halvår av 1992 auka utgiftene over statsbudsjettet utanom lånetransaksjonar med 4,8 pst. Utgiftene over statsbudsjettet utanom utgifter til statleg petroleumsverksemd auka med 4,0 pst. Inntektene på statsbudsjettet vart i same perioden reduserte med 0,5 pst. Utanom oljeinntekter og overføringer frå Noregs Bank auka inntektene med 1,7 pst. I første halvår av 1992 var underskottet på statsbudsjettet medrekna folketrygda 24,9 milliardar kr. Underskottet før lånetransaksjonar korrigert for oljeskattar, statleg petroleumsverksemd og overføringer frå Noregs Bank var i første halvår av 1992 på 42,5 milliardar kr, mot eit underskott på 39,6 milliardar kr i same perioden av 1991.

Arbeidet med skattereforma har halde fram med nye lovreglar for utanlandsforhold og ymse føresegner for å få gjennomført dei nye reglane.

Regjeringa følgjer nøyne med i situasjonen for tollvesenet i Finnmark i samband med opninga av den russiske grensa. Ein har i 1992 sett i verk tiltak for å styrke kontrollen.

Planen for utbygging og drift av gasskondensatfeltet Lille-Frigg vart godkjend av Stortinget i september 1991.

I februar 1992 godkjende Stortinget planane om ilandføring av gass frå Heidrun-feltet og bygging av ein metanolfabrikk på Tjeldbergodden i Møre og Romsdal.

I april 1992 gav Stortinget si tilslutning til utbygging av ein rørleidning for olje og kondensat mellom Frigg og Oseberg (Frostpipe).

I mai 1992 godkjende Stortinget utbygginga av Frøy. Planen for utbygging og drift av Troll Vest oljeprovins (Troll fase II) vart like eins godkjend i mai 1992.

Regjeringa sluttet seg i juli 1992 til planen for utbygging av gassrørleidningen Zeepipe fase II-A

Norske og britiske styresmakter godkjende i juni 1992 ei ny eigarførdeling i det norsk-britiske Statfjord-feltet.

Endeleg avgjerd om ei ilandføringsløysing for det tredje gasstransportsystemet til Europa (Europipe) er enno ikkje fatta. Traktatforhandlingane med Tyskland sidan 1991 er no avslutta.

Som ein del av den 14. konsesjonsrunden vart det i juni 1992 offentleggjort 50 blokker, fordelt med 25 blokker i Nordsjøen, 13 på midtnorsk sokkel og 12 i Barentshavet.

Regjeringa la i juni 1992 fram Verneplan IV. Tidlegare er 22 TWh unntekne frå kraftutbygging. Gjennom Verneplan IV vil ytterlegare 12

TWh bli haldne utanfor. Eit kraftpotensial på om lag 20 pst. av det samla potensialet i Noreg er med dette verna. Framlegget frå Regjeringa i den samla planen for vasskraftutbygging vil saman med dei vasskraftressursane som alt er utbygde, få det totale utbyggingspotensialet opp i om lag 133 TWh. Kategori I, som er open for konsesjonsbehandling, utgjer 16,6 TWh.

Stortinget vedtok den 11. juni 1992 endringer i vassdragsreguleringslova og fleire andre lover.

I januar 1992 vart Statkraft delt opp i dei to statsføretaka Statkraft og Statnett. Statnett SF tek i tillegg over eigar- og driftsansvaret for utanlandssambanda.

Regjeringa la i vårsesjonen fram ein proposisjon om omorganisering av krafthandelen med utlandet. Statnett SF får ansvaret for tilrettelegginga. Det blir opna for eksport av inntil 4 TWh pr. år på kontraktar som kan gjelde i inntil fem år.

Stortinget vedtok i november 1991 å fornye dei industrikontraktane til Statkraft som går ut i 90-åra og vilkåra i kontraktane om føregripne heimfall.

Stortinget vedtok i juni 1992 ei samordning og forenkling av det nærings- og distriktpolitiske verkemiddelapparatet gjennom å opprette Statens nærings- og distriktsutviklingsfond.

Stortinget samtykte i juni 1992 i at Norsk Forsvarsteknologi A/S engasjerer seg sterkare på den sivile marknaden og at selskapet styrkjer kapitalgrunnlaget sitt ved å bringe inn private minoritetsaksjonærar.

A/S Sydvaranger starta opningsarbeida for underjordsdrift i juni 1992.

Det er vedteke at Svalbard Samfunnsdrift A/S skal skiljast ut frå Store Norske Spitsbergen Kulkompani A/S. Eventuell gruvedrift i Sentralfeltet på Svalbard blir vurdert.

Stortinget løyva i 1991 inntil 70 mill. kr til eit personalutviklingselskap og 40 mill. kr til eit ventureselskap som skal drive omstilling i As-kim.

Det er stilt til rådvelde ei samla ramme på 400 mill. kr til omstillinga i Sør-Varanger.

I Rana var målsetjinga å etablere 2 800–3 000 arbeidsplassar. Hittil har ein fått til om lag 2 700 arbeidsplassar.

Forenklingsarbeidet i næringslovutvalet er ført vidare, og det er m.a. gjort framlegg om å forenkle bevillingssystemet i alkohollova og reglane om turbiltransport i samferdselslova.

Gjennom EØS-avtala er det vorte mogleg for Noreg å ta del i dei felles forskingsprogramma i EF.

I 1991 vedtok Regjeringa at det skulle utarbeidast tre sektorplanar for informasjonsteknologi. Handlingsplanen for næringslivet har som hovudformål å auke bruken av IT i norsk næringsliv.

Ved ei liberalisering av den offentlege innkjøpsmarknaden i Europa er det viktig at norsk næringsliv kan vise til referanseprosjekt på heimemarknaden. Som oppfølging av handlingsplanen for funksjonshemma er det gjenomført fleire tiltak med sysselsettjingseffekt på hjelpemiddelområdet.

I innanlands persontransport vart det i 1991 utført eit transportarbeid på 50,7 milliardar personkilometer. Dette er ein nedgang på noko under 1 pst. frå året før.

Privatbilane står for 77,6 pst. av dei registrerte persontransportane. Frå ein årleg auke på 5–7 pst. på midten av 1980-talet auka transportsytingane som personbilen står for med litt under 2 pst. i heile perioden 1987–1991.

Godstransportarbeidet synte ein vekst på i overkant av 1 pst. frå 1990 til 1991, og det samla godstransportarbeidet innanlands var i 1991 på 26,3 milliardar tonnkilometer. Auken skriv seg i hovudsak frå oljerørtransporten.

Ved utgangen av 1991 var det offentlege vegnettet på 89 135 km, som er ein vekst på 213 km frå 1990. Riksvegnettet utgjer 26 265 km. Ved utgangen av 1991 var det tillate med 10 tonn aksellast på 82 pst. av riksvegnettet utanom teleloysinga mot 78 pst. året før.

I 1991 vart det opna 166 bruer på riksvegnettet. Noreg fekk lengste skråstagbrua i verda, Skarnsundet bru. I tillegg vart det opna 24 gang- og sykkelbruer.

I 1991 vart det bygd 46,5 km tunnel. Nord-Europas lengste vegtunnel, Gudvangentunnelen, vart teken i bruk.

I 1991 vart 65 ulykkespunkt og 25 ulykkesstrekninger utbetra. I tillegg til desse vart det opna 100 kilometer nye gang- og sykkelvegar.

Ved utgangen av 1991 var det registrert 2 937 818 kjøretøy i Noreg. Det er ein auke på 0,5 pst. frå året før. Bilparken har gått opp med 0,3 pst. Det vart berre registrert 73 000 nye bilar som er det lågaste talet sidan 1963.

I 1991 vart 12 088 personar drepne eller skadde i trafikken. Dette er ein nedgang på 0,5 pst. frå året før. Talet på drepne gjekk ned frå 332 til 323. Vi må heilt attende til 1960 for å finne eit år med færre drepne i trafikken.

Ved utgangen av 1991 var det 145 ferjesamband på riks- og fylkesvegnettet. Desse sambanda vart trafikkerte av 216 ferjer.

Satsinga på forsking og forsøksverksemd innanfor miljøteknologi har auka i 1992. Det er utført ei omfattande utgreiing om bruk av alternative drivstoff. I Trondheim og Haugesund er det gjeve stønad til driftsforsøk med naturgassbussar.

Flytrafikken var i 1991 prega av krigen i Persiabukta og liten økonomisk vekst internasjonalt. I 1991 var det totale talet på passasjerar som har komme og reist over norske lufthamner, 16 millionar. Det er ein nedgang på 1,6 pst. i

høve til året før. Rutene innanlands har 75 pst. av trafikken og auka med 0,9 pst., medan passasjertalet på rutene til utlandet gjekk ned med 4,4 pst. Trafikken på dei regionale rutene innanlands auka med 2,5 pst. Selskapsreiser med charterfly gjekk ned med 24,4 pst. i 1991 i høve til året før. I dei fem første månadene i 1992 har det totalt vore ein auke på vel 10 pst. i høve til same perioden i fjor.

Byggjedelen av ny kontrollsentral for Oslo flygeinformasjonsregion i Røyken vart ferdig i mai 1992 til ein kostnad av 264 mill. kr.

På Værnes er det ført opp parkeringshus med 820 plassar, og det er laga eit utandørs anlegg med 480 plassar.

Stortinget vedtok den 11. februar 1992 å omorganisere Luftfartsverket til forvaltningsbedrift.

I mai 1992 la Regjeringa fram ei stortingsmelding om norsk luftfartsplan 1993–97. Stortinget har utsett behandlinga av meldinga til hausten 1992.

Regjeringa gjorde den 8. mai 1992 framlegg for Stortinget om å bygge ut Gardermoen som hovudflyplass for Oslo-området. Det vart også rådd til å bygge ut vegsystemet og ny jernbane frå Oslo om Gardermoen til Eidsvoll. Vidare forreslo Regjeringa at dei militære anlegga som blir råka av utbygginga blir flytta.

Godstrafikken med jernbanen utanom Ofotbanen gjekk ned 3,6 pst. i 1991 medan trafikken med Ofotbanen var om lag uendra. Persontrafikken auka med 1,9 pst. i 1991. I første halvår av 1992 låg persontrafikken med NSB på om lag same nivå som året før, medan godstrafikken hadde ein nedgang.

NSBs godsdivisjon er inne i ein prosess med effektivisering og rasjonalisering med sikte på å få ned kostnadsnivået.

NSB er i ferd med å redusere bemanninga. I tillegg har NSB oppretta eit personalsenter der overtalige tilsette får vidareutdanning og opplæring.

Investeringane i jernbanen auka kraftig i 1991 som eit ledd i satsinga på infrastrukturutbygging og ekstraordinære sysselsetjingstiltak. Investeringane i skjenegang m.m. auka med heile 65 pst. i høve til året før, medan samla investeringar i skjenegang m.m. og trafikkdel låg på 1,1 milliardar kr i 1991, 51 pst. meir enn året før.

NSB selde aksjeposten sin på 40 pst. i Linjegods i 1992.

Talet på postsendingar auka i 1991 med 4,9 pst., medan talet på postkontor i 1991 gjekk ned med 82.

Stortinget behandla i april 1992 meldinga om dei framtidige rammevilkåra for posttenestene i Noreg.

I samsvar med framlegg frå Regjeringa har

Stortinget den 9. juni 1992 vedteke å omdanne Noregs Postsparebank til Noregs Postbank.

Telefontrafikken innanlands auka med 9,8 pst. og til utlandet med 9,7 pst. frå 1990 til 1991. Totalproduktiviteten i Televerket auka i den same perioden med heile 6,9 pst.

Pr. 31. desember 1991 var det installert i alt 2 149 377 telefonabonnement. Det er ein netto auke på 63 555. Telefontettleiken i Noreg var på 51,4 pr. 100 innbyggjarar.

Den 28. august 1992 la Regjeringa fram ei stortingsmelding om omorganisering av Televerket.

Statens teleforvaltning (STF) har i 1991 gjeve 500 typegodkjenninger av telekommunikasjonsutstyr. Det er ein nedgang på 5 pst. frå 1990. Ved utgangen av 1991 hadde STF gjeve 2 954 autorisasjonar, som er ein netto auke på 1,2 pst. I same perioden auka det totale talet på kabel-TV-nett med konsesjon med netto 9 pst. Talet på kabel-TV-nett med meldeplikt auka til 2 630. Det er ein netto auke på 30 pst. Konsesjonar som er gjevne til stasjonære og mobile radiostasjonar var ved utgangen av 1991 78 945, som er ein netto auke på 1,3 pst. frå året før.

Tørken i sommar fører til store reduksjonar i avlingane i år. Oppgåver pr. 10. august 1992 viser at avlingane på landsbasis ser ut til å bli på vel 60 pst., som er om lag 800 000 tonn korn mot 1 300 000 tonn i eit normalår. Prognosene pr. 1. august 1992 tyder på ei kornavling på 900 000 tonn. Det vil seie eit inntektstap på 0,9–1,1 milliardar kr.

For førvillingane varierte avlingsutsiktene mellom 50 og 70 pst. av ei normalavling i dei områda som er mest ramma av tørken. I Nord-Noreg ligg det an til eit tilnærma normalår.

Regjeringa har vedteke å redusere eigendedelen for avlingsskadeordninga frå 37 til 27 pst. for 1992.

Jordbruksforhandlingane mellom staten og Norges Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag førtre ikkje fram til nokon avtaleløysing i år. Jordbruksoppjeret gjekk derfor til Stortinget, som vedtok framleggget frå Regjeringa med minimale endringar. Den økonomiske ramma vart 110 mill. kr.

I jordbruksoppjeret auka satsinga på alternative næringar. Investeringsstønaden til tilleggsnæringar er auka med 120 pst. frå 50 til 110 mill. kr.

Løyvingane til investeringsstønad til tekniske miljøtiltak nådde ein førebels topp i 1992 med 185 mill. kr.

I samarbeid med miljøstyresmaktene er Landbruksdepartementet i ferd med å setje i gang eit system for resultatkontroll med miljøsatsinga i landbruket.

Følgjene av reaktorkatastrofen i Tsjernobyl i 1986 gjer det framleis nødvendig med tiltak for

å redusere radioaktiviteten i dyr på utmarksbeite i fleire delar av landet.

Produksjonen av kumjølk var på 1 792 mill. liter i 1991. Produksjonsmålet for 1992 er sett til 1 775 mill. liter. Det var ein liten nedgang i salet av konsummjølkprodukt i 1991, medan salet i første halvdel av 1992 ligg på 1991-nivå.

Marknadssituasjonen for kjøtt er prega av overskott for alle kjøttslag. For 1991 var overskottet mindre enn i 1990, men prognosene for 1992 viser ein auke. I jordbruksoppgjeren for 1992–93 er det lagt opp til ein prisnedgang for kjøtt som vil føre til at marknadsbalansen blir betre.

Regeringa la i februar i år fram ei stortingsmelding om reindriftspolitikken. Hovudmålet er å utvikle reindriften til ei berekraftig næring både økonomisk og økologisk.

Helsetilstanden for husdyr er jamt god her i landet. Men siste året har ein hatt to utbrott av sauesjukdommen skrapesjuke. Tiltaka mot sjukdommen er total nedslakting og smittesnowering.

På grunn av den gode dyrehelsa her i landet har vi forhandla oss fram til vilkår i EØS-avtala som gjer det mogleg å hindre at sjukdommar som finst i sentrale delar av Europa, slepp inn i Noreg.

Innanfor havbruk har det vore heller store sjukdomsproblem. Dei offentlege veterinærnestene er monaleg styrkte gjennom den nye veterinærordninga.

I skogbruket vart det i driftsåret 1991–92 hogd vel 9 mill. m³. Etterspørsele fra industrien gjekk ned i dette tidsrommet. Det førte til at kvantumet vart om lag 0,5 mill. m³ lågare enn førre sesongen.

Dei langsiktige investeringane i skogbruket har halde seg på eit tilfredsstillande nivå.

Hovudmengda av tømmeret blir vidareforedla i Noreg. I 1991 eksporterte treforedlings- og trelastindustrien varer for om lag 10 milliardar kr.

Med sikte på å oppnå ein effektiv og lokaltillpassa bruk av verkemiddel blir det arbeidd med å finne tenlege opplegg for investeringsordningane i skogbruket. Dette har til no resultert i ein overgang til ei fylkesvis rammetildeling for dei viktigaste investeringsordningane frå 1992.

I 1991 vart det gjort ei rad endringar i dei eksisterande forskrifter med sikte på å legge større vekt på skog- og naturmiljøet ved skogbehandling og skogsdrift.

Registreringane av helsetilstanden i skogen viser at skogen, særleg i delar av Sør- og Aust-Noreg, er utsett for klare negative miljøpåverknader. Det er sett i gang analyse av det materialelet som er henta inn.

I 1991 vart det gjennomført fleire tiltak mot

almesjuken. Innsatsen mot denne skogsjukdommen er intensivert i 1992.

Orkanen på Nordvestlandet og i Trøndelag slo ned over 1,5 mill. m³ tømmer. Hogst- og oppryddingsarbeidet har gått for fullt. Ved omdisponeringar på budsjettet og ved tilleggsløyvinagar har ein sikra avsetning for mesteparten av det vindfelte tømmeret. Alt no er ein i gang med å førebu og setje i verk tiltak for å få opp ny skog i dei områda som vart skadelidne.

Tørken på forsommaren i 1992 førte med seg både skadar på nyplantingar og ei rekke skogbrannar. Det er sett i gang kartlegging av skadeomfanget.

Det er oppretta ei tilskottsordning for plantering av skog på jordbruksareal som er ute av drift. Det er sett i verk eit opplegg for fastsetjing av nye verneskoggrenser med sikte på ei berekraftig forvaltning og drift av skogen i vernekogområda i framtida.

Det er gjort vedtak om ei ny allmenningslov-gjeving.

Det er dessutan gjort vedtak om å omorganisere Direktoratet for statsskogene til eit statsføretak med namnet Statsskog SF.

Utbyttet av fisket var i første halvår av 1992 1 360 000 tonn (rund vekt) til ein førstehandsverdi av om lag 3 220 mill. kr. Det er ein auke i kvantum på om lag 138 000 tonn (11,3 pst.) og ein auke i verdien på om lag 27 mill. kr (0,8 pst.) samanlikna med same perioden i fjor. Grunnen til denne auken er i hovudsak at lodde- og kolmulekvantumet auka. Kvantumet av norsk-arktisk torsk gjekk ned med om lag 12 000 tonn samanlikna med første halvår av 1991.

Eksportverdien av fisk og fiskeprodukt (medrekna oppdrett) gjekk ned frå 7 086 mill. kr pr. 31. juni 1991 til 7 019 mill. kr pr. 31. juni 1992.

Tilstanden i dei viktigaste bestandane for norsk fiske er positiv. Etter ein kvoteauke i år er det òg gode utsikter til ein ytterlegare auke i kvotane for torsk og hyse i nord neste sesong.

Loddebestanden i Barentshavet er no stor. I loddekvoten er det teke omsyn til at torskebestanden skal ha nok føde. Bestanden av norsk vårgytande sild har potensiale til å vere den største fiskebestanden i våre havområde. Uttauet av sild blir også i år halde lågt. Rekebestanden er for tida god. Blåkveitebestanden er derimot kraftig nedfiska, og det er derfor innført strenge reguleringar. Situasjonen for sild og makrell i Nordsjøen er stabil, medan bestandane av torsk og hyse er på eit lågt nivå.

Den positive utviklinga i fiskerinæringa har lagt grunnlaget for ein monaleg reduksjon i fiskeriavtala. 1992-avtala representerer ei positiv utvikling med ei ramme på 425 mill. kr.

Ei melding om struktur- og reguleringspolitikk overfor fiskeflåten vart framja i juni 1992.

Forhandlinger i Stortinget nr. 2.

17

1992. 2. okt. – Åpning av det 137. Storting

Meldinga tek føre seg viktige rammevilkår og problemstillingar knytte til fiskeflåten. Spørsmålet om det framtidige reguleringsystemet er gjeve størst vekt.

Utvælet som vart nedsett for å vurdere kva rolle Statens Fiskarbank skal ha i den framtidige fiskeripolitikken la fram innstillinga si i januar 1992.

I 1991 eksporterte vi fisk til 130 land. EF-marknaden er den viktigaste og tok i 1991 om lag 60 pst. av eksporten. Om lag 74 pst. av eksporten gjekk til EØS-landa.

For å hindre alvorleg uro i marknaden og dumpingskuldingar gav staten eit lån på 400 mill. kr til firmaet «Raud Fisk», som tok over frozenlakslageret etter Fiskeoppdretternes salgslag. Avviklinga av frozenlaksen har gått som planlagt.

Endringane av reglane for eksport vart vidareførte ved at sentralisert eksport til fleire marknader fall bort frå 1. januar 1992.

Det vart frå hausten 1991 satt i gang kontrollar av mange oppdrettsanlegg ut frå omsynet til helse og miljø.

Etableringa av råoljeterminalen på Sture og ein auke i aktivitetane ved anlegget på Mongstad har saman ført til ein sterk oppgang i talet på store skip med miljøskadeleg last. Ein sentral for overvaking og styring av trafikken i dette området vart sett i drift i september 1992.

Til ekstraordinære sysselsettingstiltak er det i 1992 øyremerk 254 mill. kr til vedlikehald og ombyggingar av statlege bygningar.

Regjeringa har lagt fram ei stortingsmelding om forvaltnings- og personalpolitikken i staten som dreg opp retningslinjer for utviklinga framover.

For å gjere sitt til at omstillingsarbeidet i statleg sektor skal gå raskt, har Regjeringa utarbeidd ein omstillingsplan for statleg verksamdi i 90-åra.

I desember 1991 vart det lagt fram ei stortingsmelding om tiltak mot kriminalitet.

Det er vedteke permanente lovreglar om telefonkontroll i narkotikasaker.

Det er vedteke ei eiga føresegen i straffelova for å ramme doping i idretten.

Det er vedteke endringar i straffelova og skaderstatningslova som gjer at personar som har vore offer for seksuelle overgrep, vil stå sterke.

Innsatsen mot økonomisk kriminalitet har vore høgt prioritert. Den økonomiske kompetansen i skifteretten er styrkt. Ei prøveordning er sett i gang, som går ut på at skifteretten i særlege tilfelle held fram med behandlinga av konkursbu som elles ville ha vorte innstilte på grunn av manglande midlar. Spørsmålet om å opprette eit omfattande edb-basert konkursregister blir greidd ut.

Trafikk-kontrollen er halden på eit høgt nivå. Det tidlegare målet om 40 pst. auke i kontrollane i perioden 1988–1992 er nådd med god margin.

For å hindre miljøfarleg transport på vegane er det i 1992 oppretta 10 miljøpatruljar ved Uttrykkspolitiet.

Utlendingslova er endra slik at det er gjeve utvida rett til å ta fingeravtrykk og til varetektsfengsling av utlendingar.

Det er lagt fram ei stortingsmelding om å opprette fengsel for straffe- og/eller sikringsdømde med store åtferdsavvik.

For å fjerne soningskøen til fengsla er kapasiteten i fengselsstallet utvida.

Lov om mekling i konfliktråd har no teke til å gjelde, og den er gjord obligatorisk for delar av landet.

Det er vedteke ei ny lov om tvangsføring og mellombels sikring. Det er også vedteke ei lov om kjøp og sal av fast eigedom. Dette området har til no ikkje vore lovregulert. Vidare er det vedteke ei ny lov om handelsagentar og handelsreisande (agenturlova).

Det blir gjennomført eit restansenedbyggingsprosjekt i domstolane. Saksbehandlings-tida har gått ned.

Politihøgskolen vart formelt oppretta i januar 1992.

Alle lensmannskontora har no teke i bruk edb-system som hjelp til å utføre sivile gjermål.

Regjeringa har gjort framlegg for Stortinget om å utvide verkeområdet for arbeidsmiljølova til også å omfatte utanlandsk sokkel. Samstundes vil arbeidsmiljølova bli gjord gjeldande for all petroleumsverksemde på norsk sokkel.

Det vart i november 1991 lagt fram ei stortingsmelding om tiltak mot brann.

Forskrifta om internkontroll tok til å gjelde den 1. januar 1992. Den pålegg alle verksemder å setje i verk rutinar og tiltak som sikrar oppfølging av krava til helse, miljø og tryggleik i arbeidslivet.

Stortinget slutta seg våren 1992 til eit framlegg om endringar i lov om brannfarlege varer og lov om arbeidarvern og arbeidsmiljø. Formålet er å legge lovgrunnlaget til rette for å føre over tilsynet med kjeleområdet frå Direktoratet for arbeidstilsynet (DAT) til Direktoratet for brann- og eksplosjonsvern (DBE).

Utvælet som har gått igjennom arbeidsmiljølova la fram innstillinga si den 24. juni 1992.

Aktiviteten innanfor bustad- og byggjesektoren er framleis låg, og i stor grad avhengig av statleg finansiering. Husbanken kan i 1992 finansiere 18 000 nye bustader.

Regjeringa har brukt Husbanken aktivt for å rå bot på betalingsproblema til folk. Rammene for etableringslån er utvida og lånevilkåra er

betra. I statsbudsjettet for 1992 var løyvingane til bustønad auka med 36 pst. til 964 mill. kr. Husbanken har dessutan fått høve til å vere meir fleksibel.

Utbettingsaktiviteten er dessutan stimulert gjennom auka lånerammer til utbettingslån og ei tilskottssordning for tilstandsvurdering av burettslag og andre store bustadbygg. Tilleggsmeldinga til storbymeldinga frå Regjeringa vart følgd opp med at byfornyingsstilskottet vart auka med 16 mill. kr.

Regjeringa har dessutan gått inn med 100 mill. kr til stønads- og omstillingstiltak i bustadtssamvirket. I tillegg er det gjort endringar i burettslovene.

Dei bedriftsretta verkemidla i distriktpolitikken er på til saman 2 206,5 mill. kr i 1992, mot 2 025,2 mill. kr i 1991. I dei bedriftene som har fått lån og/eller investeringstilskott, vart det skapt 3 500 nye arbeidsplassar.

Lokal næringsutvikling blir stimulert med auka rammer for dei kommunale næringsfonda. Næringsfonda blir tilførte 150 mill. kr for 1992, som er ein auke på 15 pst.

Det er i 1992 sett av 135 mill. kr til bygdeutviklingsfond, som er ein auke på 83,9 mill. kr.

Regjeringa har auka innsatsen for å hjelpe personar som vil etablere nye verksemder. Ramma for etablerarstipend er for 1992 på 75 mill. kr, som er meir enn ei dobling i høve til 1991.

Verksemda i Selskapet for industriekstanlegg (SIVA) er utvida til aktivt å hjelpe til med å utvikle kompetansebaserte produkt og verksamder.

Ved skatteomlegginga i 1992 har personar i tiltaksona i Finnmark og Nord-Troms fått større skattefrådrag og lågare topeskatt og felleseskatt enn folk i resten av landet.

Eigenkapitalen er ein kritisk faktor for utvikling av næringslivet i Nord-Noreg. I 1991 vart investeringsselskapet Nord-Norsk Vekst A/S oppretta med 15 mill. kr i innskottskapital.

Regjeringa innleide hausten 1991 eit førebyggjande arbeid overfor innvandrarbarn og -ungdom med sikte på at denne gruppa skal ha same høve til arbeid og utdanning som andre barn og unge.

Ei omlegging av mottakarsystemet for asylsøkjarar som vart sett i gang våren 1991, vart sluttført våren 1992.

Våren 1992 vart det sett inn ei rad tiltak mot rasisme og etnisk diskriminering.

I februar 1992 kom Regjeringa med framlegg til ny lov om kommunar og fylkeskommunar. Lova regulerer organiseringa av styringssystemet i kommunar og fylkeskommunar og det statlege tilsyn og kontroll med kommunesektoren.

I april 1992 la Regjeringa fram ein proposisjon om lov om forsøk i offentleg forvaltning

med forslag om ein ny varig heimel for å drive forsøk som ledd i fornyingsarbeidet i heile den offentlege forvaltninga.

Den økonomiske utviklinga i kommunesektoren i 1991 vart merkt av at ein held fram med å tilpasse utgiftene til inntektene. I proposisjonen om kommuneøkonomien reknar ein med at nettojelda i kommunesektoren skal reduserast frå 37,3 pst. i 1990 til 35,2 pst. i 1991. Kommunesektoren hadde i 1991 ein inntektsvekst på om lag 4,5 pst. I revidert nasjonalbudsjett for 1992 er inntektsveksten for 1992 rekna til 2,5 pst.

For å styrke arbeidet med samepolitiske spørsmål i sentralforvaltninga vart det vinteren 1992 sett ned eit samordningsutval med faste representantar frå ulike departement.

Sametinget har laga ei utgreiing om EØS-avtale og konkludert med at ho i det vesentlige ikkje vil få negativ verknad for samisk kultur og næringsliv.

Klimautgreiinga har vore på omfattande høyring.

Forbruket av klorfluorkarbon (KFK) var i 1991 redusert med 66 pst. i forhold til forbruket i 1986. Noregs mål om 50 pst. reduksjon innan utgangen av 1991 er dermed oppfylt. Halogenbruken er redusert med 40 pst. i 1991 samanlikna med 1986.

Ei melding om ein ny landsplan for nasjonalparkar og andre større verneområde i Noreg vart lagd fram våren 1992. Meldinga dreg opp linjene for nasjonalparkpolitikken vår i framtida.

Meldinga om ein samla plan for vassdrag vart lagd fram for Stortinget våren 1992. Siktemålet er å få ei meir samla nasjonal forvaltning av vassdraga og eit betre grunnlag for m.a. sektorplanlegging og einskildvedtak.

Regjeringa har auka tilskotta til energiøkonmisering monaleg frå 1991 til 1992.

Meldinga om forvaltning av bjørn, jerv, ulv og gaupe var oppe i Stortinget våren 1992.

Regjeringa har auka innsatsen til friluftsformål. Med «Aksjon Vanndrift», som vart sett i gang i 1992, skal folk få større nytte og glede av alle dei investeringane som er gjorde for å betre vasskvaliteten i vassdrag og i kystområda dei siste 10–15 åra.

Arbeidet med å gjennomføre reforma med miljøvern i kommunane har hatt høg priorititet. Kompetansen i kommunane er styrkt.

Endringar i lov om kulturminne vart vedteken av Stortinget i juni 1992. Endringane gjer det mogleg å verne større verdfulle kulturmiljø. Det er gjennomført sysselsetjings- og miljøby-prosjekt i ti byområde med ein samla stønad på 32 mill. kr.

Det er vedteke ei ny lov om lakse- og innlandsfisk og andre ferskvassorganismar.

Krava til miljø og helse innanfor fiskeopp-

drettsnæringa er vortne vesentleg strengare, og dei nye reglane er følgde opp med omfattande kontrollar av oppdrettsanlegga.

Arbeidsgruppa med medlemmer frå forsvars- og miljøstyresmaktene som vurderte korleis Forsvaret kan vere med å styrke oljevernnet, la fram rapporten sin våren 1992.

Det er sett i gang arbeid med å utstyre Kystvakta med oljevernustyr. Det er nyleg fastsett ei forskrift om varsling ved akutt ureining.

Kartlegginga av skipsvrak langs kysten er gjennomført, og det er registrert over 200 vrak.

Meldinga om korleis Noreg følgjer opp Nord-sjødeklarasjonane vart lagd fram i vår. Meldinga skisserer ei rekke tiltak. Det er lagt vekt på at tiltaka primært skal løye lokale miljøproblem og at måla skal bli nådde mest mogleg kostnadseffektivt.

Landbruket har fram til 1991 redusert utsleppa av nitrogen og fosfor med høvesvis 38 og 22 pst. av den totale utsleppsreduksjonen som landbruket skal gjennomføre.

For å hindre at det viktigaste lakseførar *te* vassdraget i Europa får skadar på grun' av ureiningar, er det gjeve 50 mill. kr til bygg' *gav* reinseanlegg og opprydding i avløp med *te* lepp til Tanavassdraget.

Arbeidet med å redusere avfallsmer *te* ene er styrkt monaleg.

Ei stortingsmeldinga om tiltak for å redusere avfallsmengdene, auka gjenvinning og forsvarleg avfallsbehandling vart lagd fram våren 1992. Meldinga gjev eit samla oversyn over avfallsområdet og kjem med framlegg til mål, strategi og verkemiddel innanfor området.

Det har i 1992 vorte lagt særleg vekt på å sikre avsetning av avfall som er samla inn til gjenvinning. Det er m.a. gjort avtaler som sikrar gjenvinning av glass og landbruksplast. Det er innleidd samarbeid mellom styresmaktene og private verksemder og bransjar om innsamling og gjenvinning av papir, bildek, organisk materiale og metall.

Miljøvernstyresmaktene går no gjennom planane for kjeldesortering i kommunane.

Det er gjennomført ei landsomfattande kartlegging av tidlegare nedgrave miljøfarleg avfall. Norsk Spesialavfallslager A/S fekk mot slutten av 1991 løyve til å opprette eit mellombels lager for spesialavfall i Hjerkinn Gruver i Dovre kommune. Eit behandlingsselskap for spesialavfall, Norsk Avfallshandtering AS, vart stifta i desember 1991. Selskapet blir eigd av staten med 56,5 pst. og ei industrigruppe med 43,5 pst.

Stortinget har vedteke at ureiningslova skal bli gjort gjeldande for transportverksemder.

Meir enn 15 000 fleire barn fekk plass i barnehagar i 1991. Stimuleringstilskottet har, saman med prosjektet Barnehageutvikling i kom-

munane, gjort sitt til å nå dei auka utbyggingsmåla.

Til støtte for småbarnsfamiliar vart fødselpermisjonen frå 1. april 1992 utvida frå 38 til 42 veker med 80 pst. lønnskompensasjon, eller frå 30 til 33 veker med full lønnskompensasjon. Eingongsstønaden ved fødsel til kvinner som ikkje har opptent rett til lønt permisjon, auka med 38 pst. frå 1. april 1992 til 14 825 kr.

Det vart innført ein eingongsstønad på 10 000 kr til foreldre som adopterer barn frå utlandet.

Barnetrygda auka med 8,3 pst. i gjennomsnitt frå 1. januar 1992. Det vart i 1992 innført barnetrygd på Svalbard. Småbarnstillegget for barn under tre år vart sett til 4 380 kr i året for kvart barn. Det er ein auke på 39 pst.

Rundt rekna 10 000 seksåringar har no fått eit pedagogisk tilbod rundt om på skolane.

Barnevernet er styrkt gjennom Program for nasjonal utvikling av barnevernet. Køen av ubehandla meldingar er fjerna og ventetida i saksbehandlinga er kraftig redusert.

Regjeringa kom våren 1992 med framlegg til ny barnevernlov. Lova vil føre til auka effektivitet og betre rettstryggleik i barnevernet.

Det blir arbeidd med å utvikle alternative organisasjonsmodellar i kommunar og fylkeskommunar med siktet på ei betre samordning av hjelpetiltak for barn og unge.

Det er gjeve stønad til dei frivillige barne- og ungdomsorganisasjonane.

Som eitt i ein serie tiltak for å hjelpe private personar med gjeldsproblem er det i 1991 og 1992 oppretta til saman 34 mellombels stillinger som økonomiske rådgjevarar knytte til forbrukarrådskontora i fylka.

Regjeringa la i mai 1992 fram eit framlegg til lov om frivillig og tvungen gjeldsordning for privatpersonar. Lova skal legge til rette for at personar med alvorlege gjeldsproblem skal kunne bli istand til å få kontroll over økonomien sin.

Ved pensjonsreguleringa i år vart grunnbeløpet heva med 1 000 kr til 36 500 kr med verknad frå 1. mai 1992. Frå 1992 er oppteninga av tilleggspensjonen i folketrygda noko redusert, særleg for dei med høge inntekter. Samstundes er det innført ei ordning med opptening av tilleggspensjon for personar som har omsorg for barn eller for gamle, sjuke og funksjonshemma som treng pleie.

For heile året 1991 vart sjukefråveret som folketrygda dekkjer, redusert med vel 1 pst., medan reduksjonen i siste kvartal i 1991 var 7 pst. For første halvår av 1992 er nedgangen på snaut 6 pst. frå første halvår av 1991.

Tilgangen av nye uførepensjonistar er monaleg mindre enn tidlegare år. Tilgangen er mindre for dei fleste aldersgrupper og særleg for kvinner. Talet på registrerte uføre er pr. 1. juli i

år 237 814 og det er 705 færre enn 1. januar 1992.

Ordninga med ein garantert minste tilleggs- pensjon for dei unge som er fødde uføre eller er vortne uføre i ung alder, er utvida og gjord betre.

Det vart i april i år lagt fram ei stortingsmelding om attføring og arbeid for yrkeshemma og om sjukepengar og uførepensjon. Sentralt i meldinga står førebyggjande arbeid, at det er viktig å gripe inn tidleg og ei endra ansvarsfordeling mellom trygde- og arbeidsmarknadsetat når det gjeld yrkesretta attføring.

Den femårlige handlingsplanen mot stoffmisbruk blir avslutta i 1992. Målet på rundt 350 nye døgnbehandlingsplassar er nådd.

I samband med reforma for menneske med psykisk utviklingshemming overtok kommunane ansvaret for denne gruppa frå 1. januar 1991. Då avviklingslova vart vedteken, budde det om lag 5 000 personar i HVPU-institusjonar eller HVPU-bustader. Talet på personar som budde i avviklingsinstitusjonar pr. 1. juli 1992 var om lag 1 700. Utviklinga av det kommunale butilbodet til tidlegare HVPU-brukarar er komme lenger enn for psykisk utviklingshemma som budde heime også før reforma vart sett i verk. Men Regjeringa har auka dei statlege overføringane til kommunane med siktet på ei styrking av tiltaka overfor denne gruppa psykisk utviklingshemma.

Det kommunale tilbodet til funksjonshemma i yngre aldersklasser er därleg utbygd mange stader, og omsorga frå nære pårørande er avgjerrande. Gjennom handlingsplanen for funksjonshemma 1990–93, er avlastningstilbodet i kommunane styrt.

Sosialdepartementet sette hausten 1991 i gang eit forsøk med 95 lokale sentralar for frivillig innsats som eit supplement til det offentlege omsorgsapparatet.

Det er innført ei plikt for alle kommunar og fylkeskommunar til å opprette eldreråd frå 1. januar 1992.

Stortinget løyvde 400 mill. kr for 1992 som tilskott til sysselsetjing i kommunane innanfor eldreomsorga og omsorga for funksjonshemma.

Omsorgsutvalet har greidd ut dei sosiale og økonomiske utfordringane for samfunnet som heng saman med at talet på eldre med pleie- og omsorgsbehov er aukande. På denne bakgrunnen har Regjeringa i 1992 gjeve ekstra midlar til å byggje ut bueiningar.

Ved dei somatiske sjukehusa vart det i 1991 behandla nærare 10 000 fleire innlagde pasientar enn i 1990, samtidig som den polikliniske verksamheten vorten stimulert gjennom nye takstar og trappa monaleg opp dei seinare åra.

For 1992 er det løyvd 450 mill. kr ekstra for å styrke sjukehussektoren, her medrekna 150 mill. kr til innfriing av ventelistegarantien. Det er sett som vilkår at det blir utarbeidd planar

for bruken av midlane, og at tilskotta skal resultere i auka aktivitet i høve til den aktiviteten som elles hadde vore i 1992.

For å innfri ventelistegarantien er det oppretta eit system for oppfølging. I første halvåret er talet på pasientar på venteliste redusert med om lag 1 800 til om lag 4 500. For dei fylkeskommunane som ikkje har innfridd garantien for alle, har Sosialdepartementet bede om ein eigen rapport om grunnane til det, og om ein plan for snøggast mogleg å få gjennomført garantien.

Frå 1991 har det vore gjort forsøk med stykkprisfinansiering for innlagde pasientar ved fire sjukehus i Hordaland og Nordland fylke. Resultatet til no er at forsøkssjukehusa behandlar fleire pasientar enn før.

Frå 1. juli 1992 er lova om sjukehus endra slik at sjukehusa får plikt til å melde alvorleg personskade til fylkeslegen.

Frå 1. juli 1992 er Norsk Pasientskadeerstatning utvida til også å gjelde pasientar som blir fysisk skadde i psykiatriske sjukehus og poliklinikkar. Like eins er ordninga utvida til å omfatte kommunelegetenesta og kommunal legevakt.

Det er lagt fram ein lovproposisjon om endringar i den sentrale helseforvaltninga. Stortinget vedtok den 19. juni m.a. at det skal oppretta Statens helsetilsyn, som i hovudsak skal drive aktivt tilsyn med helsetenestene i landet.

Regjeringa har sett i verk ein femårlig handlingsplan for å stimulere psykisk helsevern og mental helse. Midlane til vidareutdanning og etterutdanning er auka monaleg. I barne- og ungdomspsykiatrien er det bygd eit regionssenter i Tromsø.

I 1992 er det også sett i verk ein handlingsplan for å redusere dødstala for spedbarn.

Utgreininga om førebyggjande strategiar Fleire gode leveår for alle, har vore på brei høyring. For å stimulere det førebyggjande arbeidet er det m.a. løyvd om lag 32 mill. kr til kommunane.

Pr. 30. juni 1992 er det meldt om 1 171 hiv-positive personar. Av dei er 141 registrerte dei siste 12 månadene. Talet på aids-tilfelle var pr. same dato i alt 271, og av dei er 189 døde.

I 1992 er det for første gong sendt ut eit samla oversyn over nasjonale mål og hovedprioriteringar for helse- og sosialsektoren i kommunane saman med tal på kommunenivå som indikerer om dei sentrale mål og prioriteringar blir følgde opp lokalt.

Gjennom prosjektet Arbeidsmarkedsetat 93 har ein det siste året gått igjennom oppgåver og organisering av arbeidsmarknadsetaten. Det er planlagt og sett i gang ei rekke prosjekt som siktar mot ei effektivisering.

Det er gjennomført ei omorganisering av utdanningsadministrasjonen. Alle skoledirektør-

embeta og dei fleste fagråda er nedlagde. Det er oppretta 18 regionale utdanningskontor og tilsett utdanningsdirektørar.

I kyrkja er det no meir enn 1 200 preste- og kateketstillingar. I tillegg kjem prestestillingar i forsvaret, ved sjukehus og fengsel, forutan mange kyrklege stillingar som kommunane og kyrkjelydane har ansvaret for. Det kyrklege reformarbeidet er ført vidare gjennom endringar av organisasjonen og styringsstrukturen i kyrkja.

Søkninga til dei teologiska fakulteta har vore god, og i dei fleste bispedømma har rekrutteringa til prestestillingane vore tilfredsstillande.

Revisjonen av kyrkjeliturgien er avslutta, og det er utgjeve ny altarbok.

Salet av eideommar under fondet til Opplysningsvesenet held fram. Ei modernisering av lovgjevinga for fondet blir greidd ut.

Det er sett i gang arbeid med å revidere lov om grunnskolen, lov om vidaregående opplæring og voksenopplæringslova.

Ei reform i vidaregående opplæring skal gje ei samordning av yrkesopplæringa i skole og arbeidsliv, og det blir arbeidd med ein struktur og eit innhald som gjer det mogleg å oppfylle ein lovfesta rett til minst tre års kompetansegevande utdanning for alle etter grunnskolen.

I skoleåret 1991–92 var det om lag 470 000 elevar i grunnskolen. Undervisningstimetalet er auka med 3 timer pr. veke for småskolen.

Frå hausten 1992 har om lag 43 000 elevar i vel 350 kommunar tilbod om frivillige skolefritidsordningar.

Fleire kommunar er i gang med pedagogiske tilbod til 6-åringane. Det er sett ned eit offentleg utval som skal greie ut dei pedagogiske og økonomiske konsekvensane av tidlegare skolestart og dei konsekvensane det vil ha for samla skolegang i grunnskole og i vidaregående opplæring.

Revisjon av Mønsterplan for grunnskolen er òg under arbeid. Den generelle delen vil vere felles for grunnskolen og for vidaregående opplæring.

Det er i vårsesjonen lagt fram ein proposisjon om endring av privatskolelova når det gjeld godkjenning av storleiken på skolepengane.

Det er gjennomført omfattande omleggingar av dei statlege spesialskolane med etablering av statlege kompetansesenter på regionalt og nasjonalt nivå.

Det er sett i verk tiltak for å auke kompetansen hos dei som arbeider med spesialundervisning.

Ordninga med ekstra statstilskott til elevplassar i dei vidaregåande skolane held fram. Sjølv om søkeringa til skolane er gått noko ned, er det framleis behov for fleire plassar.

Innanfor fagopplæringa har det vore ein svak

nedgang i talet på nye godkjende lærekontraktar. Frå hausten 1992 er det sett inn ekstra stimuleringsstiltak for å auke talet.

Det er lagt vekt på å styrke forskinga, og det har i 1991–92 vore ein vekst på nærmere 12 pst. i dei statlege løyvingane. I 1992-budsjettet vart forskarrekrytteringen særskilt høgt prioritert. I 1991 vart det oppretta 150 nye rekrutteringsstillingar, i 1992 180.

Som ei følgje av betre finansiering og organisering av forskarutdanninga har talet på avslutta doktorgradar auka monaleg.

Forskinga er også indirekte styrkt gjennom auka løyvingar til studieplassar og nye bygg i universitets- og høgskolesektoren.

I perioden har evalueringane av seks av dei åtte hovudinnsatsområda i norsk forsking vorte avslutta, ved sida av evalueringa av den norske deltakinga i CERN.

Stortinget har sluttat seg til framlegget frå Regjeringa om å erstatte dei fem forskingsråda med eitt nytt forskingsråd.

Det er laga eigen læreplan for eksamensretta grunnskoleopplæring for vaksne, og det vil bli utarbeidd eigne eksamensoppgåver for vaksne.

Fylkeskommunane er oppmoda om å samarbeide med andre utdanningsarrangørar om vidaregående opplæring for vaksne.

Ein ny læreplan for eksamensretta grunnskoleopplæring for framandspråklege vaksne som ikkje har grunnskolen frå heimlandet, er teken i bruk frå skoleåret 1992–93.

Det har vore ein viss nedgang i talet på deltarar i opplæringa i norsk og samfunnskunnskap for framandspråklege som har fått opphaldsløyve i landet.

Frå 1. januar 1992 vart det innført ei ny godkjenningsordning for studieverbunda og eit forenkla tilskottssystem.

Det har vore nedgang i talet på innmelde deltarar til kurs ved dei 18 aktive fjernundervisningsinstitusjonane. For å redusere eigendelen og styrke tilgangen til kursa vart tilskottsprosenten auka frå juli i år.

Dei frittståande institusjonane for fjernundervisning er lagde inn under lov om voksenopplæring.

Arbeidet med kompetansespørsmål i folkehøgskolane er inne i ein treårig fase med forsøk og utvikling ved 10 av dei 81 skolane. Det vart innført ei ny tilskottssordning frå 1. januar 1992.

Nyskapingsarbeid og opplæring for vanskelagstilte grupper er framleis i vekst innanfor voksenopplæringsa.

Det er oppretta 9 500 nye studieplassar i 1992. Med desse er det i alt 147 500 studentar ved universitet og høgskolar i Noreg. Dette er ein vekst på vel 20 000 studieplasser sidan 1990.

Utdanningskapasiteten er auka, m.a. innan-

for helsefag, sosialarbeidar- og lærarutdannin-
ga. Det er òg lagt til rette for å auke kapasiteten
i hovudfags- og doktorgradsstudia.

Det er sett i verk fleire prosjekt for å betre
studiekvaliteten og studiegjennomføringa, og
det er sett i gang ei prøveordning med treter-
mins studieår. Arbeidet med å samlokalisere og
slå saman høgskolar til større institusjonar har
hatt god framdrift.

Byggjeverksemda har høg prioritet, og fleire
nye undervisnings- og forskingsbygg er tekne i
bruk det siste året.

Eittårig praktisk-pedagogisk utdanning ved
universiteta er sett i verk frå hausten 1992, og
læreplanen for den nye fireårige allmennlærar-
utdanninga er godkjend.

Det er lagt fram ei stortingsmelding om kul-
turpolitikken for 1990-åra og om målbruks i of-
fentleg teneste. Endringar i samelova, domstol-
lova og grunnskolelova for jamstelling av sa-
misk med norsk språk vart sette i verk 1. januar
1992. Regjeringa la den 25. mai 1992 fram eit
utkast til lov om arkiv.

I 1992 får 314 museum tilskott gjennom til-
skottssordninga for halvoffentlege museum. Na-
sjonalgalleriet vart i 1991 vitja av om lag
168 000 personar, Museet for samtidskunst av
om lag 81 000. Det er ei eiga avdeling for am-
bulerande kunstformidling ved Museet for
samtidskunst (Riksutstillingar). Riksutstillin-
gar hadde ni utstillingar på vandring i 1991
med eit besøk på om lag 57 000.

I 1992 er 527 kunstnarar med under garan-
tiinntektsordninga. Det er dette året gjeve sti-
pend til 839 kunstnarar, og i tillegg har tre livs-
varig kunstnarlønn, fire har æresstipend og ein
har æreslønn. Til saman får i 1992 om lag 1 367
kunstnarar ulike former for kunstnarstipend
og liknande direkte ytingar. 59 personar har
statsstipend.

Fem symfoniorkester får statstilskott. I alt er
det tilsett 325 musikarar i desse orkestra. I
1991 vart det halde 315 konsertar. Publikums-
besøket ved symfoniorkesterkonsertane var om
lag 311 000. Rikskonsertane hadde eit besøks-
tal på rundt 760 000. Dei teatra som får offent-
lege tilskott hadde eit samla publikumsbesøk
på om lag 1 373 000.

Samla utlån i 1991 frå folke-, fylkes- og skole-
biblioteka var 25,7 mill. band. Den samla bok-
mengda var 27,4 mill. band.

Investeringsmidlane over statsbudsjettet til
lokale og regionale kulturygg og bibliotekloka-
le er i 1992 på 48,5 mill. kr.

Pr. 16. juni var det gjeve 425 konsesjonar for
nærradioar og 108 for lokal-TV.

TV2 tok til med sendingar den 5. september
1992.

Dagspresseutvalet kom med si tilråding om

Mål og midler i pressepolitikken den 5. mai
1992.

Den delen av overskottet i Norsk tipping A/S
som gjekk til idrettsformål i 1992 var på 427,4
mill. kr. Av dette vart 219,3 mill. kr nytta til
idrettsanlegg, 189,5 mill. kr gjekk til Norges
Idrettsforbund og 18,6 mill. kr til andre idretts-
formål.

Det er lagt fram ei eiga stortingsmelding om
idretten i 1992.

Presidenten mottok på Stortingets vegne de
oppleste dokumenter og uttalte:

Deres Majestet, Deres Kongelige Høyhet!

Det 137. Storting som Deres Majestet nå har
åpnet, går til sin ansvarsfulle gjerning i en tid
preget av uro og uforutsigbarhet. I år har vi
vært vitne til brå og dramatiske endringer på
mange områder, både her hjemme og ute. Det
internasjonale menneskelige fellesskap som vi
er en del av, er utsatt for store påkjenninger.
Likevel har vi en plikt til ikke å miste troen på
framtidien, og at det nyttet å gjøre noe.

Trontalen bærer bud om en særlig innsats på
de områder som en samstemmig nasjonalfor-
samling legger den største vekt på. De største
utfordringene som er fremst i vår bevissthet, er
menneskevern, miljøvern og naturvern i aller
videste forstand, slik trontalen gjenspeiler.
Målet er større trygghet og frihet for den enkelte
tuftet på rettsstatens grunn både i vårt eget
land og internasjonalt, hvor norsk tradisjon er å
arbeide for tillitsfull og fredelig sameksistens
mellan mennesker, folkegrupper og nasjoner.

Det altoverskyggende problem som arbeids-
ledigheten representerer her hjemme, både for
den som blir personlig rammet, og for fellesskapet
som helhet, krever av oss alle at vi anstreng-
er oss til det ytterste for å finne løsninger som
kan redusere ledigheten.

Dette skal være en felles ambisjon på tvers av
partiskiller, det skal være en utfordring som
minner oss om hvorfor vi er her som folkets
valgte representanter.

Ingen oppgave her hjemme er større.

I et levende demokrati som vårt vil det natur-
lig nok være delte meninger i mange av de saker
som Stortinget får til behandling. Men det er
først og fremst midlene, ikke målene, striden
står om. For til tross for meningsforskjellene er
det likevel mer som samler enn det som skiller i
vårt land.

Vi håper alle at det syn hver enkelt av oss re-
presenterer, og de beslutninger som blir tatt,
skal bli til fellesskapets beste både her hjemme
og i de deler av verden hvor sult, nød, under-
trykkelse og ufred fortsatt råder grunnen.

Med vilje til det beste for land og folk samles
vi i det gamle ønske:
Gud bevare Kongen og fedrelandet!

Stortingets øvrige medlemmer istemte dette
ønske.

Hans Majestet Kongen og Hans Kongelige
Høyhet Kronprinsen med følge forlot deretter

stortingssalen, ledsaget av den deputasjon som
hadde fungert ved mottakelsen.

Presidenten: Presidenten vil foreslå at Hans
Majestet Kongens trontale og beretningen om
rikets tilstand og bestyrelse utlegges for be-
handling i et senere møte – og anser det som bi-
falt.

Møtet hevet kl. 13.45.
